



Surnadal Idrettslag

***Postboks 1
6656 Surnadal***

Referat frå styremøte i Surnadal IL

Tid: Måndag 21. desember 2015 kl. 18.00-20.00.
Neste møte: Torsdag 21.1. kl. 19.00.
Stad: Hammerstuene
Referent: Øystein Hjelle Bondhus

Til stades: Ola Mogstad
Einar Bergheim
Vidar Ulvestad
Svein Dalen
Arne Øie
Erling Fiske
Øystein Hjelle Bondhus
Ellbjørg Haugen Larsen
Stian Faksnes.

Forfall: Ingen.

Sakliste:

Sak 42/15 Godkjenning av referat frå styremøtet 16. november

Referatet er godkjent utan merknader.

Sak 43/15 Organisasjonsplan

Utkast til organisasjonsplan for Surnadal IL vart gjennomgått og diskutert.

Merknader:

- Vi må vedta styreinstruks og retningslinjer for valkomité og andre vedlegg til organisasjonsplana på styremøtet i mars, før årsmøtet.
- Forenkle instruks for valkomiteen.
- Revisjonsmalen må inn som vedlegg til revisorinstruks.
- Få inn punkt om kvifor folk skal vere medlemmer i SIL.
- Få inn ei overskrift på side 14 om kommunale anlegg; Øye stadion, Surnadal Idrettshall, Sæterlia, svømmehall, skulle bruka Rindalshallen.

Sak 44/15 Årshjul 2016

Somme grupper har levert årshjul for 2016, resten må gjere det same.



Surnadal Idrettslag

***Postboks 1
6656 Surnadal***

Merknader:

- Vi vil utfordre Surnadal Idrettsråd til å lage eit oppdatert årsplan.
- Det som skal inn er faste dugnader, planlagde arrangement, deltakaravgift etc.
- Dette skal vi samordne i eitt stort excel-ark, og legge fram som sak på neste styremøte.

Sak 45/15 Budsjet 2016

Forslag til budsjett for 2016 vart gjennomgått.

Merknader:

- Post 6901 må hevast litt.
- Post 7100 må hevast litt.

Vedtak: Budsjettet for 2016, med endringane over, vart godkjent.

Sak 46/15 Førebuing årsmøte 2016

Fristane for innlevering av bilag og årsmelding vart gjennomgått.

Merknad:

- Vi må ha opp som sak at vi må vurdere om medlemskontingenten skal hevast.

Sak 47/15 Orienteringssaker

- Revidering av kommunal plan våren 2016 v/Svein

Plan for idrett og friluftsliv i Surnadal kommune skal reviderast våren 2014. Der skal det settast opp liste over utbyggingstiltak og anlegg som er planlagt i neste fireårsperiode. Viktig at SIL tenker gjennom kva prosjekt vi skal til med som krev spelemiddelsøknader.

Merknader:

- Vi må sjekke når rullering for same plan i Rindal er.
- Aktuelle og potensielt aktuelle tiltak: Tidtakarbu i Sæterlia, ombygging LED-lys lysløype, fotballhall etc.

Denne saka skal takast opp i styret på februararmøtet. Gruppene får frist til 1. februar på å komme med innspel. Øystein og Svein lagar saksframlegg til styret.



Surnadal Idrettslag

***Postboks 1
6656 Surnadal***

- Tildelt momskompensasjon v/Øystein

Idrettslaga får 11 millionar kroner meir i momskompensasjon i år enn i fjor.

Surnadal IL har blitt tildelt kr. 226.360,-. Det er ein auke på 5,7 prosent frå fjoråret, då vi fikk tildelt kr. 214.145,-.

Sak 48/15 Open post

Styremøteplan fram mot årsmøtet

Torsdag 21. januar kl. 19.00.

Torsdag 3. mars kl. 19.00.

Scooter

Langrennsgruppa informer har kjøpt seg ny scooter.